



Saksframlegg

Arkivreferanse: 2024/777-2

Sakshandsamar: Finn Arne Askje

Saksgang

Utval

Møtedato

Saksnummer

Formannskap

Høyrings svar - utsett byggjefrist for Heibøåi kraftverk

Saksframlegg godkjent .

Vedlegg

- 1 Høyring av søknad om forlenga byggjefrist for Heibøåi kraftverk i Tokke kommune
- 2 Søknad om forlenga byggjefrist
- 3 Ny kartlegging av biologisk mangfald
- 4 Oppdatert plankart
- 5 Vassdragskonsesjon frå 110516

Bakgrunn for saka

Heibøåi kraftverk AS (org. nr. 955 996 836) fekk i 2016 konsesjon for å bygge kraftverk i Heibøåi. Fristen går ut etter 5 år. Søknad om utsett byggjestart blei sendt frå selskapet 06.04.21.

Selskapet har søkt om utsetjing i ytterlegare 5 år, dvs. 5 år frå søknadstidpunktet i 2021. Hovudgrunnen for at ein no søker om forlenga frist er at delar av fallet er omtvista.

Det er i 2023 laga ein ny kartlegging av naturverdiar langs Heibøåi i Tokke kommune.


Aksjeselskapet er 100% eigd av Vest-Telemark Kraftlag AS.

NVE har sendt ut høringsbrev med frist for å gje tilbakemelding til 14.06.24.


Saksutgreiing

Heibøåi strekker seg frå Vistadheia og ned fjellsida og kjem ut i Tokkeåi mellom Dalen fysikalske og Tønsbergkrysset.

Fallet som skal nyttast er på om lag 480 meter



Figur 1: Oversikt over planlagt inntak, rørtrasé og kraftstasjon. Kart: Vest-Telemark Kraftlag AS



Kommunedirektøren har i sin vurdering vektlagt å vurdere konsekvensen på naturverdiane og det biologiske mangfoldet.

Det er i området som tiltaket skal gjennomførast kartlagt 18 rødlista artar.

I opprinneleg søknad om konsesjon, var det Faun Naturforvaltning AS som gjennomførte kartlegging av verknadane på det biologiske mangfoldet ved ei utbygging.

Konklusjonen var då:

Utover omtalte konsekvenser for flora, vil fraføring av vann fra elvestrengen kunne virke negativt på vanntilknytt fugl og enkelte andre vanntilknytt organismar. Med et mulig unntak for beveren med tilhold oppstrøms inntaksområdet, antas utbyggingen å ha liten negativ innvirkning på kjente pattedyrarter i området. Samlet vurdering av virkning og omfang for biologisk mangfold er satt til middels negativ konsekvens.

Det blei konkludert at det låg føre **middels negativ konsekvens** på det biologiske mangfoldet.

Biofokus har gjennomført ny kartlegging av naturverdiane langs Heibøåi i 2023, vedlegg nr. 3.

Der er konklusjonen:

Den samlede naturverdien i influensområdet er vurdert til stor til svært stor naturverdi, og den sannsynlige påvirkningsgraden er vurdert til forringet. Med den kunnskapen som foreligger nå, er det vurdert at det planlagte inngrepet vil få konsekvensgrad for naturverdiene i det berørte området tilsvarende konsekvensgrad **alvorlig miljøskade** (---).

Det er no i rapport frå 2023 konkludert med at konsekvensgraden på naturverdiane er karakterisert som **alvorleg miljøskade**.

Det føreligg ny kunnskap utarbeida av Biofokus på oppdrag frå Vest-Telemark Kraftlag AS.

Om kunnskapen som no føreligg hadde vore tilgjengeleg ved fyrste uttale frå Tokke kommune, ville det truleg kunne påverka uttala.

At konsekvensen no blir karakterisert som alvorleg miljøskade må vektleggast, sjølv om ein berre skal handsame spørsmålet om forlengje fristen på konsesjonen som NVE har gjeve.

Søknad på konsesjon på utbygging av kraftverk i Heibøåi kom til NVE i 2014 og konsesjon blei gjeve i 2016. I konsesjonen blei det understreka:

«Tiltakshavar har sjølv ansvar for å avklare dei privatrettslege forholda til eventuelle andre som har rettar i området.»

Kommunedirektøren meiner det har vore god tid (5 år) for Heibøåi kraftverk AS å avklara privatrettslege forhold, som NVE allereie peika på i 2016.

Konklusjon

Kommunedirektøren meiner det føreligg ny kunnskap, som kunne påverka konklusjonen i uttala frå Tokke tidlegare er gjeve. Då det føreligg ny kunnskap av konsekvensane av tiltaket og ein skal vurdere ein utvida frist for oppstart av utbygginga, må konsekvensane takast med i vurderinga for konklusjonen ein tek.

Kommunen har stort ansvar å ta vare på «rødlista artar» og hindre miljøskade med bakgrunn i naturmangfaldlova.

Med dei nye opplysningane som føreligg, bør fristen for konsesjonen ikkje bli forlenga.

Kommunedirektørens tilråding

Tokke kommune tilrår ikkje at fristen i konsesjonen for utbygging kraftverk i Heibøåi blir forlenga.

Med grunngjeving av ny kunnskap av konsekvensane på naturverdiane ved ei utbygging.